



Eva Halstensen  
Ievegen 186  
5917 ROSSLAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1225 - 19/12811

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

06.06.2019

## Retting av avvik mellom grunnbok og matrikkel GBNR 49/28

Viser til nyleg mottatt skjøte ( dat. 5. juli 1977) for eigedommen 49/28 vedkommande sak 18/1225, og til tidlegare utsendt brev i saka. Dette er eit eldre skøyte som ein i dag ikkje kan sjå har noko relevans i denne saka.

Denne eigedommen eksisterte ikkje i matrikkelkartet i 2018, men det eksisterte grunnboksblad på den slik at den kom ut på ei feilliste frå kartverket over feil som måtte rettast før kommunesamanslåinga.

03.05.2018 vart det sendt ut brev til dykk som me antok hadde vore eigar av denne eigedommen- jf opplysningar frå protokoll frå kartforretning for dei 2 nye hytte tomtane 49/116 og 117 frå gbnr 49/15 og 49/28 i 1983. Det er ofte vanleg å gje frist for tilbakemelding ca 3 veker på brev som kommunen sender ut, men dette var ikkje skrive i aktuelle brev. Kommunen venta difor over 6 veker på eit eventuelt svar frå dykk, men då slik tilbakemelding ikkje kom, vart det sendt brev til tinglysinga dat. 19.06, der me bad om at grunnboksbladet for denne eigedommen vart sletta.

Slettinga vart tinglyst 26.06.2018. Etter det ein kan sjå no vart det beklagelig nok ikkje sendt orientering/ kopi av slettinga til dykk etter at dette var utført. Dette kan skuldast at returen kom midt i ferietida.

Kommunen sitt syn er at alt arealet som ein gong utgjorde denne eigedommen gjekk inn i tomtane 49/116 og 49/117 ved oppretting av desse i 1983 og at dette var grunnen til at den ikkje lenger eksisterte i matrikkelen eller matrikkelkartet. Ut i frå dokumentasjonen me har funne har me prøvd å rekonstruere ca der eigedommen 49/28 har lagt. Dette viser i vedlagt kart.

Etter kartforretninga i 1983 skulle det skulle samtidig ha vorte sendt melding til tinglysinga om sletting av grunnboksbladet for denne eigedommen. Det er ikkje mange saker der heile eigedommen går med til oppretting av nye eigedommar, slik at det truleg ikkje har vore kjent for kommunen at også melding om sletting av grunnboksblad skulle sendast til tinglysinga. Det er vel dette som er grunnen til at slike feilrettingar av avvik mellom grunnbok og matrikkel no må gjerast av alle kommunane før kommune/ fylkessamanslåingar.

Vedlagt ligg dokumentasjonen som vart lagt ved til tinglysinga.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Håpar de finn at dokumentasjonen er i tråd med det som faktisk har skjedd med denne eigedommen og ber om at de kjem med tilbakemelding til kommunen innan 3 veker frå de får dette brevet dersom de ikkje er samd i dette og har relevant informasjon som dokumenter noko anna.

Med helsing

Anngunn Marie Gullbrå  
fagansvarleg gis/geodata

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Retting av avvik mellom grunnbok og matrikkel GBNR 49/28  
49\_28\_diverse dokumentasjon

**Mottakere:**

Eva Halstensen

levegen 186

5917

ROSSLAND